



Lygra kai og grunneigarlag v/Ole Bakkebø

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2580 - 19/39011

Saksbehandlar:

Tone Margrethe Berland Furustøl

tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:

20.12.2019

Avslag på søknad om fritak for gebyr - gbnr 58/14 Lygre indre

Administrativt vedtak: Saknr: 831/19

Tiltakshavar: Lygra kai og grunneigarlag v/Ole Bakkebø

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om fritak for gebyr i samband med oppføring av venteskur på dampskipskaaien på Lygra etter at opphavleg venteskur vart utsatt for hærverk og riven mottatt 02.09.2019.

I e-post frå Byggesaksvakten i kommunen, datert 03.05.2018 vart det informert at tiltaket vert gebyrbelagt:

2. Oversikt over sakshandsamingsgebyr/disp.gebyr etc som vil falle på laget.

I tilfelle de får avslag på dispensasjonssøknaden, så rår vi dykk om å be om at byggjesøknaden ikkje vert handsama før dispensasjonsspørsmålet er avklart. Dette for å unngå å betale gebyr for sjølve byggesaka dersom de får avslag på dispensasjon.

Dersom venteskuret er under 70m² og vert karakterisert som mindre tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20 -4 bokstav a og byggesaksforskriften SAK § 3-1 bokstav b , er pris for dispensasjon kr 3650, jf. pkt. 9.1.1,-. Basisgebyr for byggesøknad for mindre tiltak er kr 7000,-, jf. pkt. 10.3.1.

Dette er ein foreløpig vurdering av dei gebyra som kan kome i saka.

Link til gebyrregulativ for 2018:

<https://www.lindas.kommune.no/getfile.php/4034831.2235.blInsqplqkwn/Gebyr-+og+betalingssatsar+2018+Vedlegg.pdf>

I søknad om fritak for gebyr står det:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Lindås kommune er kjent med at det gamle venteskuret på Meierikaien på Lygra gjennom kriminell handling var revet ned i fjor. Jmf. vårt brev av 18/10 -2018. Kommunen har på spørsmål i frå styret gjort oss merksom på at P&B-lova krev full byggesakshandsaming med dispøknad for å setje opp at bygget der det stod og med same utforming. Taket er sikra, det øvrige var ødelagt med motorsag. Saka er politianmeldt, men ingen ting er avklart.

Før laget tek endeleg standpunkt til oppattføring av bygget og sender inn påkrevde søknader, ynskjer vi att kommunen fritak oss for aktuelle gebyr.

Søknad om fritak for dette gebyret gunngjev vi som følger :

1. Skuret vart revet som følge av kriminell handling
2. Det er det same skuret som skal setast opp
3. Plassering vert nøyaktig som før.
4. Det er eit ynskje både frå kulturavdelinga i kommunen og fylkeskommunen at bygget vert sett opp att.
5. Laget har avgrensa med midlar og sjølv oppattføringa av bygget vil kosta laget mykje pengar.
6. Bygda her ute ynskjer at dette symboltunge bygget vert reist opp att.
7. Vi vurderer at det bør vere kurrant og enkel sakshandsamingsprosess for kommunen dvs avgrensa ressursbruk.

Dette spørsmålet vart drøfta med ass rpdmann Haugsdal i møte februar 2010. der det gjekk fram at vi kunne søke om fritak for gebyr.

Søknaden viser også til utredning frå Fylkeskonservatoren med moglegheit å søkje ulike tilskot for bygningar med kulturminneverdi/verna kulturminne.

Vurdering:

Vurderinga tar utgangspunkt i gebyrregulativet for 2019 sidan søknaden er sendt inn dette året, sjå vedlagte gebyrregulativ.

Gebyr som kan kome i saka er gjeve med heimel i gebyr- og betalingsssatsane som gjeld for Lindås kommune i 2019. Gebyrforskrifta er vedtatt av kommunestyret for Lindås kommune, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §33-1.

Gebyrforskrifta 2019 opnar opp for reduksjon av gebyr på nærare vilkår. Vi forstår søknaden slik at det er søkt reduksjon av gebyr.

I gebyrforskrifta punkt 4.9 står det:

«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.»

Ordlyden særlege grunnar tilseier at det må liggja føre grunnar som gjer seg særskilt gjeldande i denne saka og at det ikkje er grunnar som normalt kan leggast til grunn i tilsvarande saker.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønsmessige vurderingar i samband med førespurnad om gebyrfastsetjing. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker der det vert søkt om oppføring av bygg frå lag/velforeiningar og andre frivillige

eller allmennyttige organisasjonar. Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngevinga for reduksjonen også vil kunne gjera seg gjeldande i andre liknande saker. Presedensverknaden gjer seg gjeldande med stor styrke då kommunen har mange lag/velforeiningar og andre frivillige eller allmennyttige organisasjonar som har avgrensa midlar og som ønskjer å få gehør for i høve gebyrutmåling.

Kommunen legg til grunn at det må inn i gebyrregulativet dersom lag/velforeiningar og andre frivillige eller allmennyttige organisasjonar, skal ha redusert gebyr.

Kommunen har i sitt gebyrregulativ ikkje tatt høgde for kva som er årsaken til eit søknadspliktige tiltak. Dette inneber at kommunen ikkje kan ta omsyn til at venteskuret på kaien er riven på grunn av ein kriminell handling. At det er same type bygg som settast opp på same sted får ikkje innvirkning på gebyret. Å føre opp eit tilsvarande bygg er søknadspliktig med dagens regler og gebyrbelagt med heimel i gebyrregulativet. Avgrensa ressursbruk i høve sakshandsamingstid, er det tatt omsyn til i gebyrregulativet. Positiv tilbakemelding frå kommunale instansar om oppføring av bygget og venteskurets symbolverdi, får ikkje betyding for utmåling av gebyret då dette ikkje er hensyntatt i gebyrregulativet.

Det er frå Fylkeskonservatorens si side opplyst at det er mogleg å søkje ulike tilskot for bygningar med kulturminneverdi/verna kulturminne som vert den vidare framgangsmåten for å sikre finansiering av oppføring av bygget.

På bakgrunn av dette kan vi ikkje sjå at det er lagt fram grunnar som tilseier at gebyret bør reduserast i denne saka.

VEDTAK:

Det ligg ikkje føre særlege grunnar for å redusere gebyret, jf. i Lindås kommune si gebyrforskrift punkt 4.9. Søknad om reduksjon av gebyret vert avslått.

Grunngeving går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/2580

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gebyrregulativ 2019

Kopi til:

Lygra kai og grunneigarlag v/Ole
Bakkebø

Mottakarar:

Lygra kai og grunneigarlag v/Ole
Bakkebø